

Miljødirektoratet
v/ Statsforvaltaren i Agder
sfagpost@statsforvalteren.no

27. oktober 2023

KLAGE PÅ LØYVE TIL PLANTING AV DOUGLASGRAN OG EUROPEISK LERK

Vi blei kjent med saka (dykkar ref. 2022/6843) ved melding frå Miljøvedtaksregisteret 6.10.2023 og fekk søknadsdokumenta tilsendt etter førespurnad 9.10.2023.

Vi klagar på vedtaket. Vi meiner at det er vesentlege manglar ved kunnskapsgrunnlaget for denne saka.

Organisasjonane som klagar arbeidar spesielt med naturmangfald. Vi kan gjere nærare greie for vår klagerett på førespurnad.

Kunnskapsgrunnlaget som er kjent i denne saka

Statsforvaltaren har vist til Naturbase og Artskart når det gjeld kva som finst av naturmangfald.

Naturbase og Artskart er databaser som er tomme heilt til nokon har lagt inn data i dei. For å kunne støtte seg til desse databasane, må ein vurdere om det er lagt inn tilstrekkeleg med data.

Vi har tatt utgangspunkt i søkjar sin eigedom sør for jarnbanelina for å vurdere registreringane i Artskart:

Vitenskapelig navn ↓	Autor ↓	Norsk navn ↓	Kategori ↓	Antall observasjoner ↓
Gentiana pneumonanthe	L.	klokkesøte	● VU	2
Phylloscopus trochilus	(Linnaeus, 1758)	løvsanger	● LC	1
Castor fiber	Linnaeus, 1758	bever	● LC	1
Carex vaginata	Tausch	slirestarr	● LC	1
Carex panicea	L.	kornstarr	● LC	1
Triglochin palustris	L.	myrsauløk	● LC	1
Carex buxbaumii	Wahlenb.	klubbstarr	● LC	1
Juncus bulbosus subsp. bulbosus		krypsiv	● LC	1
Lophophanes cristatus	(Linnaeus, 1758)	toppmeis	● LC	1
Cyanistes caeruleus	(Linnaeus, 1758)	blåmeis	● LC	1
Parus major	Linnaeus, 1758	kjøttmeis	● LC	1
Cinclus cinclus	(Linnaeus, 1758)	fossefall	● LC	1
Loxia curvirostra	Linnaeus, 1758	grankorsnebb	● LC	1
Tussilago farfara	L.	hestehov	● LC	1
Poecile montanus	(Conrad von Baldenstein, 1827)	granmeis	● VU	1

Totalt 15 taksoner

På ein kvadratkilometer eigedom (delen som er sør for jarnbanelina) er det så langt berre registrert 7 karplanter, 7 fugleartar og 1 pattedyr. Kor mykje veit vi då om området? Her er t.d. ein kvadratkilometer med skog, og lista inneheld ikkje eit einaste namn på treslag. Viss denne lista tyder at det ikkje er noko som kan kome til skade, så tyder vel også lista at det ikkje finst skog på eigedomen. Det er difor tydeleg at området ikkje er undersøkt, eller i beste fall mangelfullt undersøkt.

Statsforvaltar har sett i Artskart, og det er bra. Men Statsforvaltaren har ikkje vurdert om Artskart gir tilstrekkeleg informasjon om artsmangfaldet i området. Det kan nemnast at klubbestorr og myrsaulauk kan indikere rikmyr. Dette er ein grunnleggande mangel som gjer vedtaket ugyldig.

Naturbase har registreringar i Lindesnes kommune. Men det er fullt mogleg å plassere kvadrat med storleik 10 km² utan at ein finn ein einaste naturtypelokalitet på kartet innanfor ruta. Kan det vere så få lokalitetar i dette området, eller skuldast dette at det er lite kartlagd? Vi veit ikkje svaret. Statsforvaltaren har plikt til å vite svaret, men vi ser ikkje spor av slike vurderingar i vedtaket. Den manglande vurderinga er ein grunnleggande mangel som gjer vedtaket ugyldig.

Skogsertifisering jf. PEFC-standarden

For å kunne omsette tømmer på marknaden er ein avhengig av at skogen er sertifisert gjennom ein av dei to friviljuge ordningane som finns i Norge, PEFC eller FSC. Statsforvaltaren er ikkje automatisk del av dette. Samtidig er det ein grunn som ofte har med naturmangfald å gjere når tiltak ikkje er i samsvar med sertifiseringsordninga. Då vil det vere rett og rimeleg at Statsforvaltaren går inn på kravpunktet og gjer vurderingar av krava i standarden, i fall dette seier noko som bør vere grunnlag også for Statsforvaltar sine vurderingar.

Når det gjeld vurdering av skadepotensiale ved artane som er omsøkt planta, meiner vi det er vesentlege manglar.

Kravpunkt 21. Påskoging og treslagsskifte

Krav

Påskoging og treslagsskifte skal gi grunnlag for et langsiktig lønnsomt skogbruk.

Langs kysten fra Lindesnes til Kirkenes kan påskoging og treslagsskifte bare skje i områder der slike tiltak tidligere har skjedd vellykket og i større omfang, og bare i forbindelse med framtidig lønnsomme driftstekniske løsninger. I slike områder kan også norsk gran gjenplantes etter sluttavvirkning av utenlandske treslag. Utenfor disse områdene, inkludert i kantsoner mot myr, vann og vassdrag, skal skogeier så langt det er rimelig fjerne forekomster av treslag som ikke er stedegne.

Det går fram av søknaden at det har vore planta gran på arealet som no er tiltenkt douglasgran. Søkjar seier at det er tale om eit myrområde, og vidare:

Området lengst mor syd, hvor det er douglasgran har tidligere vært plantet med vanlig gran. Det er myrområde med morenemasse under, granene som sto der var meget spinkle og dårlig kvalitet selv om de hadde rett alder for hogging, området er heller ikke egnet for furu. Bestand 17 som ligger like ved har bedre jord, og er markberedt for furu.

Skogeigar sitt prosjekt har ganske store avvik frå det PEFC-standarden seier. Er det ein grunn for å ikkje trenge seg inn på ei myr? Når grana veks dårleg, så er vel tidlegare planting ikkje vellukka. Tyder det eventuelt på at myra er drenert, eller planlegg grunneigar å drenere

på ny? Dei siste åra har det vorte mykje diskusjon på bevaring og restaurering av myr, inkludert innføring av forbod mot nedbygging av myr. Er det då betre at myra får vere myr?

Berekraftforskrifta etter skogloven kan vere aktuell: §5 ledd 9 «*Nygrøfting av myr og sumpskog med sikte på skogproduksjon er forbode. Det er heller ikkje tillate å reinske grøfter i myr og sumpskog der det ikkje er etablert produktiv skog.*»

Når det gjeld å erstatte tidlegare granfelt med framande arter, så går standarden så langt at han seier skogeigaren skal fjerne framande treslag i staden for å plante meir.

I kravpunkt 20

Krav

Ved påskoging og foryngelse etter hogst skal norske treslag benyttes. Utenlandske treslag kan kun benyttes på arealer der det har vært plantet utenlandske treslag for skogbruksformål tidligere.

Muligheten for bruk av utenlandske treslag er begrenset til bruk av treslagene sitkagran, lutzgran og lerk, og kun i kyststrøk fra Lindesnes til og med Troms.

Definisjon av kyststrøk er aktuell. Er heile Lindesnes kommune kyststrøk? Douglasgran står ikkje på lista over utanlandske treslag som kan brukast jf. standarden.

Denne skogeigaren har og vil framleis ha så mange avvik at han ikkje får seld noko av skogen sin. Då er det ingen fordel at dei utanlandske treslaga veks fortare enn heimlege alternativ.

Europeisk lerk kan passere som lerk jf. standarden når det gjeld treslag, men ikkje som erstatning for gran. Europeisk lerk er like fullt eit utanlandsk treslag, og den økologiske risikoen er like stor som før, sjølv om treslaget ikkje blir vurdert lenger.

Det blir truleg lagt vekt på at europeisk lerk krev mykje lys for å spreie seg, med den tanken at spreingsfara er mindre. Det er berre det at skogen rundt før eller seinare vil bli hogd. Då kjem det mykje lys ned til bakken, og då er det spiretilhøve for lerk. Lerka har konglar bortimot kvart år, spirer fort og veks fort i starten. Dermed kan lerka ikkje berre spreie seg, men også trenge bort dei andre treslaga i området.

Spreiing av framande treslag

Søkjjar nemner at det ikkje er spreiiing av framande treslag i området. Samtidig seier han at det finst «vill lerk» i kommunen. Vi trur helst at Lindesnes kommune er som andre norske kommunar ved at lerk er ein art som ikkje er heimleg i biologisk forstand. Den ville lerka er nok nettopp lerk som er frøspreidd.

Om douglasgran nemner Statsforvaltaren at denne har blitt omplassert frå låg (LO) til potensielt høg risiko (PH) i siste utgåve av framandartlista. Det betyr at det er knytt auka risiko til bruken av douglasgran, grunna treet si spreiiingsevne. Samstundes nemnes det også at det er framleis lite kunnskap om økologiske effektar av treet, og med ei føre-var tilnærming skulle ein då forvente at forvaltninga ville vera meir avventande til bruk av ein slik art. Dette er nok eit eksempel på fagleg svake eller mangelfulle vurderingar frå Statsforvaltaren.

I Statsforvaltar sin gjennomgang blir det nemnt noko om skader frå hjortevilt. Det kan forståast slik at desse treslaga ikkje får til å vekse opp. Det er ei mistyding. Hjortedyra tar

ikkje nødvendigvis livet av dei unge trea. Det som like gjerne skjer, er at det som ein gong blir rotstokken får inngrodd bork, råte, kvistbrot og krok som gjer dei ubrukelege til sagtømmer. Trea veks opp og dei får kongler. Skadde tre får ofte kongler tidlegare enn uskadde tre. For skogbruket er dårlege rotstokkar ikkje noko resultat å tale om, men her er det altså evna til å setje spiredyktig frø som er det vesentlege.

Internkontrollsystem knytt til spreiring

Vi finn ikkje noko om tiltak mot frøspreiing, og heller ikkje noko om internkontroll i søknaden. Det er ein klar mangel ved vedtaket.

Utsetting av planter før søknad

Det kjem fram at plantene alt er sett ut. Det er brot på forskrifta om utanlandske treslag og i strid med PEFC-standarden. Det må setjast i verk tiltak for å fjerne dei utsette plantene. Ein høveleg reaksjonsform kan også vere på sin plass, slik at denne type åtferd ikkje dannar føredøme og gjer at andre følgjer etter.

Oppsummering

Kunnskapen om artsmangfaldet i området er så mangelfull at vedtaket blir ugyldig. Planting av europeisk lerk og douglasgran er i strid med PEFC-standarden, venteleg fordi det vil vere negativt samla sett å plante dei ut på omsøkte stad. At skogeiar ikkje har nokre tankar om oppfølging av frøspreiing og har planta ut trea før søknad, aukar risikoen for negative verknader av tiltaket.

Med venleg helsing

Arnodd Håpnes
Fagleiar naturmangfald, Naturvernforbundet

Christian Steel
Generalsekretær, Sabima

Sverre Lundemo
Seniorrådgjevar naturmangfald, WWF Verdens naturfond